

Uskedal Vassverk SA

Skorane 37

5463 Uskedalen

Uskedalen 25. april 2025

Kvinnherad kommune

5470 Rosendal

Att: Synnøve Handeland

### **Ved.: Sak 2025/5638-7 Eikeelva Kraftverk**

Syner til Dykkar brev datert 14. april.

Styret i Uskedal Vassverk SA var samla til ekstraordinært styremøte 24. april. Styret fatta følgjande uttale til søknad om dispensasjon frå sikringssonen. Styret har også gjeve uttale og merknader til utbyggjar sin Detaljplan for landskap og miljø. Planen var ikkje vedlagt brevet frå kommunen, så den har vi henta frå postlista til kommunen.

### **Kort om Uskedal Vassverk SA**

Vassretten i Eikeelva blei ekspropriert i 1948. Det blei betalt erstatning til grunneigarane etter skjøn «for det vatn som renn i eit 6' røyr frå kote 85». Det tilsvarar mellom 60 og 70 ltr/s. Dagens inntak ligg på kote 114 med reserveinntak i det gamle inntaket på kote 85. Dagens forbruk ligg på 7-8 ltr/sek. Årsproduksjonen ligg på om lag 250 000 m<sup>3</sup> og Vassverket har i dag 500 abonnentar.

### **Sikringssone**

Sikringssone er det sikkerheitsnettet vi som vassverkseigar har for å hindra uønskte hendingar/tiltak i nedslagsfeltet til drikkevasskjelda. Det skal rett og slett beskytta mot forureining av drikkevasskjelda, og på den måten sikra befolkninga tilstrekkeleg mengder helsemessig trygt drikkevatt.

Når det gjeld Eikeelva Kraftverk, så er dei komne eit steg vidare etter vårt syn. Dei har fått konsesjon frå NVE på visse vilkår. Eit av vilkåra er at dei blir samde med Vassverket gjennom ein skriftleg avtale. Ein skriftleg avtale må byggja på Konsekvensanalysen av 17.12.2013. Ein slik avtale vil då innhalda avbøtande tiltak både under og etter anleggsperioden. Likeeins må ein få med dei juridiske konsekvensane av at vassverksinntaket for ettertida vert flytta inn til kraftverket sitt inntak. På grunn av denne plasseringa av kraftverksinntake så vert det tilsvarande mindre vatn. Då seier Konsekvensanalysen at ein må pårekna å flytta ned til reserveinntaket, på kote 85 i 39 dagar i året for å finna nok vatn. Ein slik skriftleg avtale har det enno ikkje vore samtaler med Hywer om så langt.

Vi ser ikkje nokon grunn for at kommunen skal bruka tid på å gjeva dispensasjon frå arealdelen av sikringssone. Dette prosjektet har fått konsesjon frå NVE på ovannemnde vilkår, og då må slik vassverket ser det, konsesjonen ha forrang. Det har ingen praktisk betydning kva kommunen vel å gjera. Utbyggjar har ikkje konsesjon før dei har fått på plass ein skriftleg avtale med vassverket, og der vi som vassverkseigar må sikra at vi beheld same drikkevasskvalitet etter utbygginga som før utbygginga starta, og at vi får med alle naudsynte avbøtande tiltak.

## Detaljplan for landskap og miljø

### 2.2.1 Drikkevatt

Når det gjeld abonnentar, så har ein ikkje fått med korkje skule, barnehage eller Hagetunet. Vi har ikkje eit maks vassuttak på 15 ltr/s. Vi har i dag 2 UV anlegg som kvar er godkjent for 15 ltr/s. Så vi tar ut det som UV-anlegget er godkjent for til ei kvar tid. Vi eig vassmengder i elva til ein stad mellom 60-70 ltr/s. Det er riktig at fargetalet er noko vi har særleg fokus på, fordi det låge fargetalet og den gode råvasskvaliteten er godkjent som ein barriere. Auke i fargetalet vil føra til vanskar for UV behandlinga. Så dagens fargetal må behaldast, også etter at kraftverket er bygd.

Det er riktig at vi har fått løyve til bygging av nytt inntak på kote 127. Det medfører ei flytting frå kote 114. Grunnen er at grunnforholda er langt betre på kote 127. Vi har ikkje bygd dette inntaket enno, i påvente av om det vert kraftverk eller ikkje, fordi vi veit at eit framtidig kraftverk vil medføre flytting inn til deira inntak. Det ville verta ei unødvendig investering på fleire millionar kroner.

Vi har vore tolmodige i over 10 år. Dersom det ikkje vert noko av kraftutbygginga, så vil vassverket på grunn av denne utsetjinga, etter så mange år, få ein kraftig auke i kostnadane ved å byggja eit nytt inntak på kote 127.

Kraftverksplanane har vore av og på fleire gonger i løpet av desse 10 år. Ny eigar, Hywer, kom inn i 2021. Vi har hatt kontakt med Hywer periodevis sidan i fjor sommar, men så langt er ikkje noko skriftleg avtalt. Sist vi hadde kontakt var i februar i år, utan at vi har fått tilbakemelding på vår siste e-post frå den perioden.

Vassverket ser positivt på prosjektet for vår del, dersom vi får på plass ein avtale. Vi ser og at dette kan verta positivt både for bygda og grunneigarane i Eikedalen. Men Hywer har ikkje meir enn tid og veg, før konsesjonen går ut no i juni måned. Vi har som sagt vore klare lenge, så det skal ikkje stå på oss.

Med vennleg helsing  
for Uskedal Vassverk SA

Hans Reidar Kjærland  
styreleiar

Vedlegg: Konsekvensanalyse for drikkevassforsyning ved kraftutbygging i Eikeelva

Kopi: Hywer v/ Nina Hjartholm